Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr.

Fylke: Sør-Trøndelag

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Meldal

Emne: Bryner

Bygdelag:

Oppskr. av: Anna Krog (lærerinne)

Gard:

(adresse): Jerpstad

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. og

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Brynen har vart brukt til å kvesse ljåer og sigder med så lenge vi veit attover tida. De som brukes til å kvesse kniver og snikkarverktøy med kalles hener og er av finere stein. All slags eggjarn ~~vart~~ slipa på slipstein først og så vart de hena for å få fram fin egga. Slipsteinen var rund og sviva rundt med en sveiv. Den fans på kvar gard både heime og i utslåttene, att med høyløene. Når ljåen var slipa så måtte den strykes med bryne. Det bar slåttekaren med seg i brynstrompen. Strompen var rund og uthola av tre. Den var hekta fast med en jernkrok i knivsleirema og hang midt bak. Det var vatn i strompen så brynet holdt seg fuktig. Når karene gikk og slog stansa de i skåren for å stryke ljåen. Det var litt av en kunst og det gikk ord om de karne som ljåen bet best for.

532

En kunde höre på låten hvem
som var flinkest til å kvesse.
Det var en egen musik når onnakarane
strauk ljåen. De stod og vendte ljåen
på seg og stödde orvet i bakken.

Segden vart kvest på den
måten at den ~~vart~~ lagt på
kneet og bryna på ymse side.

Snikkarverktøy og tollekniver vart
slipa på slipstein og sia hena.
Bryner og hener var naturstein
men i seinare tid er mann gått over
til å bruke kunststeien. Karborundum.
De bæres i broklomma. Når mann
bruker slike hener er det ikke
så om å gjöre å bruke slipestein
Kunststeinen har gjerne to
grovheter og da er slipe-stein
overflödig. Ellers er ikke så mye
å skrive om bryner og hener
De har i umindelige tider
vart likeens. Gamle folk vet
ikke av at det har vart noe
slags trebryner eller erstatning
for stein. Bryner og hener
har vart innfört til bygda fra
forskjellige kanter av landet-

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
adr. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY
532

Til Norsk Etnologisk granskning
Oslo.

Sender oppgave nr 10 om bygser av hener. Det er så lite å skrive om det herfra da det har vært temmelig likt gjennom lange tider. Gamle folk jeg har spurt kan ikke huske det anderledes.

Å i Meldal mai 1947.

Ærbødigst
Anna Skog.

532